



Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3990 - 17/20037

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
03.07.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 215/2 Eidsnes ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.06.17.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Som det går fram av dispensasjonsvedtaket datert 25.04.17 må det søkast om utsleppsløyve i samband med etablering av avløpsledning. Kommunen kan ikkje sjå at det ligg føre slik søknad eller godkjent utsleppsløyve. Vi ber difor om at det sendast inn søknad om utsleppsløyve. Søknaden om utsleppsløyve krev eigen søknad, og vil bli handsama parallelt med byggesaka.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.08.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing



Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Egil Magnar Eidsnes

Eidsnesvegen 107 5913
B

EIKANGERVÅG

Mottakarar:
Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND